

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 129/2019**

2022/EØS/69/23

av 8. mai 2019

**om endring av vedlegg XVIII til EØS-avtala (Helse og tryggleik på arbeidsplassen,
arbeidsrett og lik handsaming av kvinner og menn)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Europaparlaments- og rådsdirektiv (EU) 2017/2398 av 12. desember 2017 om endring av direktiv 2004/37/EF om vern av arbeidstakarane mot risiko ved å vere utsett for kreftframkallande eller arvestoffskadelege stoff i arbeidet⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XVIII til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg XVIII, etter nr. 14a (europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/37/EF), skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32017 L 2398**: Europaparlaments- og rådsdirektiv (EU) 2017/2398 av 12. desember 2017 (EUT L 345 av 27.12.2017, s. 87).”

Artikkel 2

Teksta til direktiv (EU) 2017/2398 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. juni 2019, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 8. mai 2019.

For EØS-komiteen

Claude Maerten

Formann

⁽¹⁾ TEU L 345 av 27.12.2017, s. 87.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.